

Vurdering av om planen for Grevlestølen vert omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutredning er gjeve med heimel i plan og bygningslova (pbl.) kap. 4.

Føremålet med forskrifta framgår av § 1, og er at ein både i førebuing av planar og tiltak og når ein tek stilling til om, og på kva vilkår, planar kan gjennomførast, skal «sikre at hensynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning». Tiltakshavar skal sjølv vurdere om planforslaget er omfatta av forskrifta, jf § 4.

Vidare følgjer vurderinga av om planarbeidet for Grevlestølen utløyser krav til konsekvensutgreiing.

Kap. 2 gjev oversyn over kva tiltak og planar som er omfatta av forskrifta.

§ 6 regulerer kva planar som alltid utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram eller melding. Planarbeidet gjeld ein reguleringsplan etter pbl. med privat tiltakshavar, og må såleis vurderast etter bokstav b som krev konsekvensutgreiing for tiltak som er lista opp i vedlegg I. Planforslaget inneheld ingen tiltak som er nemnt i vedlegg I, og utløyser såleis ikkje plikt til konsekvensutgreiing etter § 6.

§ 7 omhandlar planar etter andre lover, og stiller krav til konsekvensutgreiing etter nærare vilkår for slike planar. Dette planforslaget er ein reguleringsplan som skal handsamast etter pbl., og fell difor utanfor verkeområdet for § 7.

Etter § 8 skal visse planar og tiltak konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Dette gjeld a) reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II, og b) tiltak i vedlegg II etter annan lov enn pbl. Planforslaget for Grevlestølen er ein reguleringsplan etter pbl, som inneheld tiltak som er omtala i vedlegg II, pkt. 12 a) og vert såleis i utgangspunktet omfatta av regelen i § 8. Det vert likevel ikkje vurdert at planforslaget skal konsekvensutgreiast då anlegg for skiheis, som vert omtala i pkt. 12 a), ikkje vil gje vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Etter dette er konklusjonen at planlagt tiltak for Grevlestølen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredning.